



Rosendal, 01.03.18

## Protokoll styremøte

På Pers Hotell, Gol 28. februar 2018

Oppmøte kl 9:00 til frokost. **Møtet starta kl. 9:30**

### Sakliste:

#### Sak 01/18

#### Godkjenning innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart godkjend slik det låg føre.

#### Sak 02/18

#### Godkjenning av referat frå sist styremøte.

Vedtak: Referat vart godkjend slik det låg føre.

#### Sak 03/18

#### Årsmøte 2017

##### Sakliste til årsmøte:

1. Opning
2. Godkjenning av innkalling og sakliste
3. Val av møteleiar og skrivar
4. Val av to til å skriva under møteboka
5. Årsmelding for 2017
6. Rekneskap for 2017
7. Arbeidsplan for 2016-19
8. Budsjett for 2018
9. Val etter vedtektene:
  - A. Styreleiar for 1 år.
  - B. Val av 3 styremedlemer for 2 år.
  - C. Val av nestleiar for 1 år.
  - D. Val av 4 varamedlem til styret, 2 frå kvar krins, for 1 år.
  - E. Val av 1 medlem til valnemnda for 4 år.
  - F. Val av 2 varamedlemer til valnemnda for 1 år.
11. Val av revisor for 1 år.
12. Godtgjerdsle til tillitsvalde.

Nytt punkt til sakslista: valnemnd forslår utsendingar.

#### Sak 04/18

#### Krinsmøte

Pers Hotell på Gol 27. februar kl 19:30

Gymsalen på Omvikdalen skule, Kvinnherad, 5. mars kl 20:00

Ønske om styremøte i Rosendal i samband med krins møte i Hordaland 2019.

Forslag til ny ordlyd i vedtektene:

Gammal ordlyd: Laget sitt styre er ansvarleg for at det vert gjennomført val av utsendingar til årsmøte. Oppgåva kan delegerast til valnemnda.

Ny ordlyd: Laget sitt styre er ansvarleg for at det vert gjennomført val av utsendingar til årsmøte. Oppgåva delegerast til valnemnda.

**Sak 05/18    Årsmelding 2017**

Innkalling til årsmøte blir teke vekk frå årsmeldinga slik at den blir lik årsmeldinga i 2016.  
Ønske frå styret om at valnemnd må informere om at 1 vara blir kalla inn til alle møter når dei går i dialog med medlemmane.  
Nytt punkt på sluttordet.  
Skattekostnaden må leggest inn ilag med økonomien.  
Revisor har gitt beskjed om at det ikkje er nødvendig med signert årsmelding, men styret ønskjer å fortsette med det, men dette vert ikkje lenger sendt inn til Brønnøysund registeret.

**Sak 06/18    Rekneskap 2017**

Ønske frå styret om utviding, sjå meir på eksterne kundar for å behalde omsetninga.  
Orientering om at klauvskjæringa frå 2017 er eit eige punkt. Denne var med på totalen på LV i 2016.  
Det må lagast ein notis under punktet lønn styremedlem på notane, sidan alle lønnskostnadane til styremedlemmene er med der.

*Vedtak:*

*Rekneskapen vart vedteken slik den blei lagt fram.*

**Sak 07/18    Arbeidsplan for 2016-2019**

*Til orientering – godkjent tidlegare*  
Ønske frå styret om at dersom landbruksvikarane har ledig tid, så kan denne brukast til å gjere seg kjent i nye fjøs.

**Sak 08/18    Budsjett 2018**

Vedtak: budsjettet vart godkjend slik det ligg føre.

**Sak 09/18    Kandidatar til valnemnd**

Etter vedtektene skal styret koma med forslag til ein nye kandidatar til valnemnda.

**Valnemnda for 2018 er:**

Kari Håvardrud	- leiar til årsmøte 2017
Vidar Reisæter	- leiar til årsmøte 2018
Ole Asbjørn Rasch	- leiar til årsmøte 2019
Berit Dale	- leiar til årsmøte 2020

Varamedlemer – på val kvart år

Ole Asbjørn Rasch ønskjer å gå ut frå valnemnda etter årsmøte ettersom at han har gitt seg som bonde. Styret tek dette med til valnemnda for å finne ein erstattar.

**Sak 10/18 Ymse**

Meir marknadsføring. Ta del i møter for å vise kva vi kan tilby bøndene.

**Sak 11/18 Møteplan**

**Styremøte på Park Hotell Voss 18 april 2018, kl 09:00-12:30**

**Årsmøte på Park Hotell Voss 18 april 2018, kl 14:30-17:00**

Møtet slutt 14.15

Ref. Janne Alsaker